



RESULTAT OG ANBEFALINGAR 04/2021

Forbruk og kvardagsliv under lockdown: Covid-19, sosial praksis og berekraftig omstilling

Av Arve Hansen, Ulrikke Wethal og Johannes Volden (SUM, UiO)

Dato: 19. oktober 2021

Formålet med studien

Formålet med dette prosjektet var å forstå i kva grad og på kva måtar korona-krisa har forsterka eller endra rutinar og vanar knytt til reise, mat og fritid. Utgangspunktet var at forbruksmønster i stor grad er styrte av vanar, og nedstenginga gav ei unik moglegheit til å studere korleis ofte djupt innarbeidde vanar blir endra. Sidan ikkje-berekraftige forbruksmønster er i kjernen av høgutsleppsamfunnet, er slik kunnskap avgjerande for å få til den nødvendige omstillinga til lavutsleppsamfunnet.

Forskingsspørsmål

Vi har spurt:

1. Korleis har mat-, reise- og fritidsvanar endra seg under nedstenging?
2. Kva av endringane blir verande, og korleis kan politikk og provisjonssystem støtte opp under endringar i retning meir berekraftige forbruksvanar?

Kven har delteke i forskingsgruppa?

Arve Hansen, Ulrikke Wethal og Johannes Volden (alle SUM, UiO) har leia den norske delen av studien. Studien er ein del av forskningssenteret Include sitt arbeid, og utgjer ein del av det internasjonale forskingsprosjektet 'Covid-19 and Consumption: Disruptions in everyday life, Changing social practices and transitioning to sustainable lifestyles', leia av Environmental Policy Group ved Universitetet i Wageningen, der 27 forskarar studerte dei same spørsmåla i 11 ulike land. Den norske delen bestod av 28 djupintervju med hushald i ulike delar av Oslo.

Kva har vi funne ut?

Vi finn at forbruksmønster er tett samanvevd med andre rutinar i kvardagslivet, slik som til dømes pendling, jobb og fritidsaktivitetar.

Vi finn at nedstenginga som følge av pandemien utgjorde ei moglegheit for mange til å reflektere over vanar og forbruksmønster som vanlegvis ikkje er oppe til diskusjon. For somme deltakarar utgjorde dette ei moglegheit til å prøve å gjere endringar i retning meir berekraftig forbruk.

Vi såg tydeleg at redusert mobilitet kunne ha positive (men også negative) implikasjonar for deltakarane. Mange opplevde ein mindre stressande kvardag og sa at dei gjerne ville fortsette å reise mindre etter pandemien, men då fyrst og fremst i arbeidet. Mange gleda seg til å ta opp igjen fritidsreiser, men ikkje nødvendigvis internasjonalt.



Vi såg også at ettersom andre ankringspunkter forsvann, blei praksis knytt til mat ein enda meir bærande del av kvardagslivet. Mange hushald nytta tida som no ikkje blei brukt på pendling og fritidsaktivitetar til å utforske matlaging som hobby, og gå bort frå fastsette rutinar. For nokre betydde det å lage meir mat frå botn, dyrke mat sjølv, teste ut nye ingrediensar, matkassar eller vegetarmat. Mat og drikke blei også ein viktig måte å kose seg under nedstenginga, samt å skape skilje mellom arbeid og fritid, og mange hushald fortalde om meir forbruk av både snacks og alkohol. Vidare vart hushalda meir opptatt av å nytte seg av restar og planlegge måltida ut frå kva dei hadde tilgjengeleg. Sistnemnte heng saman med at handling ble meir komplisert, noko ein skulle unngå og som innebar risiko.

Heimekontoret innebar ei omvelting av praksisar i heimen, der skiljelinja mellom jobb og fritid blei viska ut og hushald måtte arbeide for å gjenetablere disse. Særleg i hushald med mange personar eller liten plass blei dette ei stor utfordring, og heimekontoret kunne i mange tilfelle bli etablert på kostnad av andre heimebaserte aktivitetar. Etableringa av heimekontoret kunne også innebere ressursbruk knytta til nye møbler og elektronikk.

Vi såg tydelege forskjellar på korleis deltakarane blei påverka ut i frå livssituasjon, busituasjon og arbeidssituasjon. I dei internasjonale samanlikningane såg vi at dette ofte var viktigare enn kulturelle forskjellar.

Vi såg vidare at nedstenging ikkje berre førte til brot men også forsterking av visse prosessar og mønster, slik som til dømes digitalisering og oppussing. Mange av deltakarane våre opplevde til dømes ei klar endring i form av at barrierar mot nettshopping blei brotne, og overgang til heimekontor kunne føre med seg mykje ressursbruk.

Implikasjonar

Berekraftig forbruk må forståast som ei samfunnsutfordring, ikkje eit individuelt problem

Ein rekke studiar har vist at individet er eit dårleg utgangspunkt for å forstå og endre forbruksmønster. Denne studien støtter dette og viser i kor stor grad forbruk inngår i sosiale praksisar og er vevd saman med sosiale relasjonar og kvardagsliv. Den viser også at mange forbrukarar er opne for å gjere forandring. Men skal ein få til omstilling av djupt innarbeidde forbruksmønster, må dette bli gjort heilskapleg ved å legge til rette for berekraftig forbruk heller enn ved å appellere til at enkeltindivid skal gå mot straumen i å leve meir berekraftige liv. Meir tid i kvardagen, meir fleksibilitet, og meir regulering av forbruk kan bidra til berekraftig omstilling.

Pandemien kan gi eit moglegheitsrom for berekraftige endringar

Det er ingenting som tyder på at pandemien nødvendigvis fører til berekraftig omstilling. Men vår studie viser at den utgjør eit visst moglegheitsrom i form av at forbrukarar i større grad enn vanleg har reflektert over kva som er viktig for dei og kva som kan endrast. Den viser at også djupt etablerte vanar kan brytast, og at det er mogleg å få til store endringar ved regulering av forbruket. Flyreiser og Norgesferier er dei mest opplagte eksempela der. Sjølv om slike inngrep ikkje ville bli aksepterte på sikt, viser dei potensialet for å endre forbruk også i eit berekraftsperspektiv.

Ein oppfølgingsstudie kan gi oss betre innsikt i korleis vanar (gjen)oppstår og endrast og vil vise om dei endringane vi såg i retning av meir berekraftige forbruksmønster varte.



Omstilling slår ulikt ut

Studien har tydeleg bekrefta at store endringar slår ulikt ut i befolkninga, noko som betyr at eit ulikheitsperspektiv bør takast med i omstillingstiltak for å unngå å forsterke allereie eksisterande skeivheiter i samfunnet (eller skape nye).